


# Detaljregulering, småbåthamn Ålfoten, gbnr 115/57 m.fl.

Oppdragsgjevar	SFE Produksjon AS
Kommune	Bremanger Kommune
Gards- og bruksnr.	115/40, 57, 72 m.fl.
Prosjektnr.	250177
Dato	06.05.2026
Revisjonsnr.	0



## Dokumentinformasjon

Oppdrag	Detaljregulering, småbåthamn Ålfoten, gbnr 115/57 m.fl.	
Oppdragsgjevar	SFE Produksjon AS	
Kontaktperson oppdragsgjevar	Arild Bruland	
Oppdragsleiar Nordplan	Siri Gausemel	
Fagleg ansvarleg		
Rapport utført av	Siri Gausemel / Heidi Hansen	
Sidemannskontroll	Siri Gausemel / Heidi Hansen	
Plannamn	Detaljregulering for småbåthamn Ålfoten, gbnr 115/57	
Adresse	Ålfoten	
Kommune, gards- og bruksnr.	Bremanger Kommune/115/40, 57, 72 m.fl.	
PlanID	4648.202503	
Prosjektfase	Planutkast	
Dokumentnamn	250177_Ålfoten_p.omt_KSSG	
Mal-ID	49-10-02 Planomtale	04.09.2024

Framsidedfoto, Nordplan v. SG, 30.09.25.

### Revisjonsoversikt

Rev. Nr.	Dato	Skildring	EK	SK
0	06.05.26	Utkast til handsaming	SG	HH

---

## Innhold

---

Dokumentinformasjon .....	2
1 Kort om planforslaget .....	5
1.1 Forord .....	5
1.2 Aktører .....	5
1.3 Lokalisering og avgrensning av planområdet .....	5
1.4 Eksisterende situasjon .....	6
1.5 Samandrag.....	7
Mogleg framtidig situasjon.....	7
2 Plangrunnlag .....	9
2.1 Plansituasjon .....	9
2.2 Kommuneplanen sin arealdel.....	9
2.3 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar.....	10
2.4 Analysar som arbeidet er basert på.....	10
3 Planprosessen.....	11
3.1 Oppstartsmøte og føresetnadar for planarbeidet.....	11
3.2 Medverknad.....	11
3.3 Innkomne innspel .....	12
4 Planområdet – eksisterende situasjon .....	13
4.1 Bruk av planområdet.....	13
4.2 Landskap.....	14
4.3 Lokalklima .....	15
4.4 Kulturminne og kulturmiljø.....	15
4.5 Friluftsliv og rekreasjonsverdi.....	15
4.6 Naturressursar .....	16
4.7 Naturmangfald og økologiske funksjonar.....	18
4.8 Miljø, klima og grunntilhøve .....	21
4.9 Teknisk infrastruktur.....	21
4.10 Sosial infrastruktur.....	22
4.11 Barn og unge sine interesser.....	23
4.12 Universell tilgjenge / utforming.....	24
5 Risiko og sårbarheit .....	25
5.1 Oppsummering av konkrete tiltak.....	25
6 Skildring av planforslaget .....	25
6.1 Planlagd arealbruk.....	26
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål .....	26
6.3 Omsynssone .....	30
6.4 Rekkefølgeføresegner .....	30

7	Verknader av planforslaget.....	30
7.1	Overordna planar .....	30
7.2	Terrengtilpassing og naboskap .....	30
7.3	Friluftsliv og rekreasjonsverdi.....	30
7.4	Naturmangfald og økologiske funksjonar.....	31
7.5	Teknisk infrastruktur.....	33
7.6	Verknader i anleggsfasen.....	34
8	Referansar .....	34

# 1 Kort om planforslaget

## 1.1 Forord

Nordplan sin planmal er basert på Kommunal- og distrikstdepartementet (KDD) si detaljerte sjekklister for planomtale, og er inndelt i tema i tråd med denne sjekklister. Nordplan har, der vi har funne det føremålstenleg, justert på rekkjefølgja til nokre tema i sjekklister, samt slått saman nokre overskrifter og lagt til nokre få punkt.

## 1.2 Aktørar

Plankonsulent Nordplan AS utarbeider på vegne av tiltakshavar SFE Produksjon AS ein reguleringsplan som legg rammer og føringar for området omkring nærbutikken og i tilgrensande sjøareal. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for inntil 35 båtplassar, med tilhøyrande infrastruktur. Landfestet er planlagt på g/bnr. 115/57.

Og å sikre vidare drift og utvikling i sentrum av Ålfoten.

### Kontaktpersonar

Bremanger kommune: Magnhild Myklebust

Oppdragsgjevar: SFE Produksjon AS v/ Arild Bruland


Nordplan AS avd. Nordfjord: Siri Gausemel

Ålfoten grendalag: Bjarte Myklebust

Oppdraget er utført i perioden Juni 2025 – August 2026


## 1.3 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet har eit samla areal på om lag 20 daa og ligg i Bremanger kommune, i Ålfoten ca. 27 km frå Svelgen.



Oversiktskart, Sentrum av Ålfoten er markert med oransje oval. (Fylkesatlas 2025).

Planavgrensing er fastsett ved eigedomsgrenser langs Ålfotvegen. Mot aust er plangrensa hovudsakleg lagt i eigedomsgrenser. Plangrensa i vest er lagt 20m frå utløpet av bekken som kjem ned ved gnr/bnr 115/27. Utstrekning i sjø er sett med utgangspunkt i den informasjonen ein hadde ved varslingstidspunktet om forankring av flytebrygge. Planområdet grensar til landbruksareal, sjø, Ålfotevegen og ein einestad.



*Annonisert plangrense, Ålfoten, butikken ligg på gbnr 115/40.*

#### 1.4 Eksisterande situasjon

Ålfoten er prega av spreidd busetnad og dyrka mark. Planområdet ligg ved nærbutikken, og sjøarealet utgjer ca. 12 daa. I tilknytning til butikken er det etablert parkeringsareal og ein liten separat kafé. Sanitæranlegg i dette bygget er også tenkt å betene småbåthamna. I plangrensa i sør/vest ligg det naust, med opptreksplass. I nordre/austre del er det eit par bustadhus, og parkerings- og manøvreringsareal knytt til etablert kai. Kaiområdet like aust for butikken er i dag svært lite brukt som kai. Tilkomst til området er via kommunal veg, Ålfotevegen. Fartsgrense er 50 km/t.

Det er etablert vatn-, avlaup og straum. Kapasitet må avklarast nærare. For meir detaljert skildring av arealbruken i dag, sjå kapittel 4.



*Utklipp frå fylkesatlas, med raude eigedomsgrenser og gul plangrense. Bildet illustrerer dagens situasjon.*

## 1.5 Samandrag

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette småbåthamn med 26 båtplassar. Hamna skal etablerast med flytande konstruksjonar forankra i sjø med eige landfeste. Det er ikkje aktuelt med utfylling. Dagens naust vil ha tilflot som i dag.

I arbeidet har det vore viktig å ivareta etablerte funksjonar, og tilpasse dagens arealbruk så langt mogleg til gjeldande standarar og normer. Etablert situasjon og terrengmessige forhold har medført at beste tilpassing er lagt til grunn. Dette gjeld m.a. byggegrense til veg og sjø for etablerte bygningar.

Det er lagt opp til at parkeringsareal skal vere felles for småbåthamna, butikken og kaféen. Parkeringsområda skal fysisk merkast, i form av påmalte linjer. Dette er viktig for å få struktur på parkerings- og manøvreringsareala, og sikrere ganglinjer. Vidar opnar det for at kaiområdet kan bli tilgjengeleg for større bilar ved behov (lasting/lossing). Då kan t.d. mellombels skilting av stenging gjennomførast for ei kort periode når kaia er i bruk.

Den kommunale vegen blir vidareført med dagens standard. Det er ikkje mogleg å få til utviding utan større terrenginngrep. Bygdevegen er del av eit godt ivaretatt bygde- og kulturlandskapsmiljø. Her er fine terrengmurar langs vegen, og vegen slynger seg tett inntil og mellom husa. Det bidreg til at bilistar held låg fart.

Det er om lag 200 innbyggjarar som bur i området, og trafikkmengda er låg. Planlagd småbåthamn vil primært vere til bruk for lokalbefolkninga. Dei fleste aktuelle brukarar bur i gangavstand, det er lagt til grunn at denne funksjonen vil skape minimal trafikkauke. (Ref trafikkvurdering, (vedlegg nr 8)


















## Mogleg framtidig situasjon

Gjennom dialog med dei mest råka interessentane er forankringspunktet for marinaen lagt inn mot land vest om eksisterande bygningsmasse, på gnr/bnr. 115/57. Plassering lenger

aust ville medføre trongare tilkomst (langs fasaden på kafeen) og ikkje minst meir invaderande nærføring til bustad og hage på gnr/bnr 115/72. Dette er ein del av bakgrunnen for vald plassering og dermed plangrense.

Utkast til plankart under syner forslag til ny arealbruk.



Reguleringsplan PBL 2008		H320	
<b>§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg</b>		<b>Linjesymbol</b>	
	Bustader		H320
	Andre typar anlegg		Plangrense
	Kombinert bustad og forretning		Formålsgrænse
	Køyreveg		Grænse for faresone
	Annan veggrunn, grøntareal		Byggegrænse
	Kai		Planlagt bebyggelse
	Parkeringsplassar		Avkjørsel - både inn og utkjøring
<b>§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>		<b>Punktsymboler</b>	
	Grøntstruktur		
<b>§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur</b>			
	BSV		
<b>§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone</b>			
	SH		
<b>§12-6 - Omsynssoner</b>			

---

## 2 Plangrunnlag

---

### 2.1 Plansituasjon

#### 2.1.1 Nasjonale føringar og statlege planretningslinjer

Gjeldande statlege planretningslinjer (SPR) (pr. 06.01.26)

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)

### 2.2 Kommuneplanen sin arealdel

#### **Arealdelen til kommuneplanen for Bremanger 2024-2036 (KPA), planid. 4648.201804.**

Det er gjort KU-vurderingar i samband med kommuneplanarbeidet. KU-en konkluderer slik:

*I følge kart og flyfoto som ligg tilgjengeleg er det ikkje etablert felles småbåthamn eller offentleg sjøtilkomst i Ålfoten. Dette er likevel eit område der båtbruk er ein naturleg del av dagleglivet. Ved å etablere denne typen tilbod lokalt kan ein gjere området meir attraktivt både som buområde og som fritidsdestinasjon. Dette vert vurdert som eit positivt tiltak, noko som til ei viss grad veg opp for ev. visuell ulempe ved tiltaket. Det er også positivt at aktivitet vert samla omkring butikken, som allereie er eit naturleg samlingspunkt i grenda.*

I føresegnene til kommuneplanen er det sett krav om reguleringsplan. Det er vidare sagt at det kan etablerast inntil 10 plassar, og bygging av skjermingsmolo er tillate. Det er ingen særskilde krav til parkeringsdekning.



Utklipp frå Kommuneplan for Bremanger, Arealdelen 2024-2036, vedteken 15.10.24, sak KST-077/24.

### 2.3 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar

Det føreligg ikkje tilgrensande eller andre relevante reguleringsplanar i området.

### 2.4 Analysar som arbeidet er basert på

Analysar som er gjort i samband med planarbeidet

Nr	Dokument	Utarbeidd av	Dato
1	Geofaglig vurderingsrapport, 26013-RIG02	EraGeo	27.02.26
2	Støyvurdering – notat, brukt i planomtalen	Norconsult	Vert ettersendt
3	VAO-rammeplan, inkl. flaum, stormflo og havnivå	Nordplan Stord AS	22.04.26
4	Trafikkvurdering	Nordplan AS	28.04.26

## 3 Planprosessen

### 3.1 Oppstartsmøte og føresetnader for planarbeidet

#### 3.1.1 Oppstartsmøte

I samband med planarbeidet vart det gjennomført oppstartsmøte med Bremanger kommune 17.10.25.

Referat datert 20.10.25 ligg ved.

**Plantype:** Detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3

Ved oppstart var det semje om å lage eit planframlegg med 25 fleire plassar enn det KPA opnar for, med bakgrunn i at det ein har prøvd, og gått bort i frå etablering av småbåthamn ved Sigdestadneset. I prosessen har ein seinare redusert talet til 16.

Som det går fram av planinitiativet er planområdet utvida i sjøen etter oppstartsfasen, for å fange opp flest mogleg av ankringspunkta for marina.

Aktuelle ROS-tema for nærare utgreiing:

- Flaum, stormflo, havnivåstigning
- Kvikkleire/stabilitet i grunn
- Ekstremvind
- Trafikkulukke
- Ev. brannfare/tilgang på sløkkevatn

Etter oppstartsmøtet har kommunen også bede om at følgande tre punkt vert diskutert i planarbeidet:

- 1) Skal det vere port/lås på landgangen for marinaen? - Nordplan sitt utgangspunkt er at dette er aktivitet, ikkje arealbruk og dermed ei privatrettsleg avklaring (j.f. forarbeid til pbl §12-7))
- 2) Vurdere å utvide planområdet t.o.m fortøyning. – planområdet er utvida slik at det no er berre dei to djupaste fortøyingspunkta som ligg utanfor planområdet.
- 3) Vurdere sjøfylling for mindre utviding av p-plass. Sjå kap. 6.
- 4)

#### 3.1.2 Planinitiativ

Planinitiativ datert 10.11.2025 ligg ved. Det er avklara at planarbeidet ikkje medfører krav om konsekvensutgreiing.

### 3.2 Medverknad

#### 3.2.1 Varsel om oppstart

Det vart i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 kunngjort oppstart av planarbeid med annonse i Fjordenes Tidende og ved brev eller e-post til råka partar og offentlege høyringsinstansar. Frist for merknader var sett til 15.12.25. Planarbeidet vart òg annonsert på kommunen og Nordplan sine heimesider.

Varslingsbrev, datert 10.11.25 og kunngjeringsannonse ligg ved.

### 3.2.2 Folkemøte / informasjonsmøte

Det er ikkje gjennomført folkemøte, men medverknad i denne saka er sikra gjennom eit velfungerande grendalag. Kontaktperson for Ålfoten Grendalag i saka har vore Bjarte Myklebust, han har også vore deltakande i dei alle fleste arbeidsmøte med kunde. Grendalaget deltek og engasjerer seg, dei informerer og arbeider både internt og vidare ut til dei som bur i området.

### 3.3 Innkomne innspel

Det kom inn 7 innspel ved varsel om oppstart. Desse er summert opp og vurdert i eit eige skjema. Dette dokumentet har fungert som eit levande arbeidsdokument gjennom planarbeidet og har vore gjennomgått i fleire møte mellom kunde, konsulent og grendalag.

Endeleg avklaringar går fram av siste versjon som ligg ved saka og er datert 05.05.26.

#### Hovudmoment frå innspelsfasen

- a) Vurdering m.o.t potensiell utfylling
- b) Verknad for låssettingsplass og fiskeriaktivitet, gyteperiode for kysttorsk
- c) Vurdering av fare for kvikkleireskred og grunnforhold
- d) Vurdering av almen tilgang til strandsona og byggegrense sjø
- e) Trafikale forhold

## 4 Planområdet – eksisterende situasjon

### 4.1 Bruk av planområdet

Bruken av planområdet i dag er mest prega av at her ligg nærbutikken i Ålfoten, heilt inntil den kommunale vegen som knyter vidare til t.d. Førde, Øksnelvane og Årvika. Butikken er open frå 07:00 til 23:00 og dette gjer at ein har relativt spreidd aktivitet gjennom dagen. I tilknytning til butikken er det også ein liten kafé, på sjøsida, saman utgjer desse ein møtestad i bygda. Andre etasje er brukt som utleigebustad og tilgrensande bygg i aust er ein einebustad, med innglassa hagestue mot sjøen og båtplass/molo som er knytt til privat bruk. Jf. foto under. Kjelde: Nordplan



Lengst aust ligg ei kai, som er eigd av eit sameige og som i praksis er svært lite brukt med tanke på anløp.

I vestre del av planområdet ligg det to naust det eine med mykje opparbeidd tilkomst, det andre med meir urørt strandson. Parkering i tilknytning til alle desse bygga skjer i dag både langs Ålfotevegen og på området mellom butikken og nausta.



## 4.2 Landskap

Planområdet ligg sentralt i bygda og tiltak vil dermed vere synlege frå mange av husa i Ålfoten, og frå deler av Fylkesvegen som går mellom Isane og Svelgen. Også i landskapsbildet frå sjøsida vil ei etablering av marina vere synleg. Skalaen på utbyggingane i Ålfoten er relativt homogen, få eller ingen bygg er større enn ordinære bustadhus/driftsbygningar.



*Flyfoto som viser landskapet i Ålfoten sett frå aust, planområdet er markert med oransje.  
Kjelde: Kommunekart*

Gjennom dialog med dei mest råka interessentane er forankringspunktet for marinaen lagt inn mot land vest om eksisterande bygningsmasse, på gnr/bnr. 115/57. Plassering lenger aust vil medføre trongare tilkomst (langs fasaden på kaféen) og ikkje minst meir

invaderande nærføring til bustad og hage på gnr/bnr 115/72. Dette er ein del av bakgrunnen for vald plassering og dermed plangrense.

### 4.3 Lokalklima

Det er ikkje grunn til å tru at lokale klimavariasjonar tilseier at marina og aktivitet knytt til denne bør plasserast i andre deler av Ålfoten. Området har solinnstråling gjennom store deler av året. I møta med Ålfoten grendalag har det vore diskutert om ei etablering i dette området kan skape problem med tanke på is og straum i fjorden. Denne bekymringa er vidareformidla til leverandør og det vert gjort berekninga for å sikre at etableringa er dimensjonert for dei kreftene som kjem til å ha innverknad.

### 4.4 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen av dei eksisterande bygningane i planområdet som er SEFRAK registrerte. På Kaia lengst aust har det stått eit bygg, frå 1800-talet, dette eksisterer ikkje lenger, men fortel om at denne delen strandsona har vore i bruk som handelsstad/transportknutepunkt over svært lang tid. Det er ikkje registrert andre kulturminne i planområdet. Emnet er ikkje drøfta vidare i planarbeidet.

### 4.5 Friluftsliv og rekreasjonsverdi

Ved søk i Fylkesatlas (jan 2026) finn ein ikkje registrerte friluftssinteresser, stiar eller område i planområdet. Det er heller ikkje registrert tilgjengeleg strandsona i området. Det betyr sjølvsagt ikkje at området ikkje er brukt. Plasseringa sentralt i bygda gjer at mange oppheld seg her i løpet av veka og det er potensiale for å skape meir aktivitet og sjøbasert friluftsliv gjennom tiltak som båtplassar og betre tilgang til strandsona og sjøen. Situasjonen i dag er at på grunn av bratt fylling og stor høgdeforskjell er det lite/ingen tilgang til sjøen på strekninga frå kaia i aust til og med parkeringsområdet ved butikken. (Sjå utklipp under.) Så *kan* ein kome ned via støa til naustet på gbnr 115/64, men denne framstår meir privat. Vidare vestover ligg strandsona meir urørt i ei smal stripe mellom bilvegen og sjøen.




Flyfoto som viser strandsona i planområdet sett frå aust, planområdet er markert med oransje. Bildet er henta frå: <https://3d.kommunekart.com> , januar 26.

## 4.6 Naturressursar

### 4.6.1 Jakt og fiske

Jakt er ikkje ei relevant problemstilling i planområdet, og ein kjenner ikkje til relevante mineralførekomstar i eller ved området. For fiskeri er det tre registreringar som er relevante.

- Fjorden langs planområdet er gyteområde for torsk. Fiskeridirektoratet informerer i sitt innspel til saka 21.11.25: *Sitat: Torsken gyt i perioden Januar til og med April, i Mai og Juni vil det vere egg, larvar og yngel i vassmassane, og i grunne område nær gytefeltet. I dette tidsrommet er dei ekstra utsett for ytre påkjenningar som støy under vatn og små partiklar.*
- Planområdet er plassert slik at det er delvis innanfor ein fiskeplass for aktiv reiskap – 40869, Ålfoten. Registrert i 1996, med kommentarane: *Snurpenot/ringnot, landnot ikkje lengre i bruk. Makrell, sild og sei.* Sjå utklipp under.
- Plangrensa er også delvis innanfor ein låssetjingsplass – 16753 Ålfoten. Registrert i 1995, oppdatert i 2011. Med kommentarane: *Bruksfrekvens 5-10 år, 2. prioritet, plassen kan diskuteras ved ev. utbygging, ikkje god nok kunnskap om plassen. Brisling, sild, makrell.* Sjå utklipp under. Fiskeridirektoratet informerer i sitt innspel til saka 21.11.25: *Låssetjingsplassar er område der fiskarar i ein avgrensa tidsperiode fortøyer stenger og nøter for mellomlagring av fangst for seinare omsetjing, og for å gjere fisken åtefri. Slik innhegning av fangst skjer gjerne i skjerma viker og våger der naturtilhøve ligg særleg til rette for det. Stabil gjennomstrøyming av sjøvatn er viktig, og temperaturtilhøve, salinitet og oksygeninnhald i sjøen spelar også ei rolle. Fisk i steng er var for støy, vibrasjonar, partiklar og forureining, og difor det viktig å unngå tiltak som kan gi dårlege miljøtilhøve for fisken.*



Utklippet ovenfor viser ei foreløpig skisse frå Marina Solutions for korleis flytande Marina i planområdet kan utformast og forankrast. Arbeidet med detaljregulering legg denne til grunn. Dei avrunda svarte figuren representerer låssetjingsplass 16753 Ålfoten, og den meir kantete figuren representerer fiskeplass 40869 Ålfoten, for aktiv reiskap, i tillegg ligg store deler av planområdet innafor gyteområde for torsk.

#### 4.6.2 Jordressursar / landbruk / skogbruk

Planområdet er avgrensa til strandsone, veg og utbygde areal, utan potensiale for landbruk eller skogbruk. Området ligg likevel innanfor kjerneområde landbruk i Bremanger kommune si registrering. Av dette tolkar vi at landbruket sine interesser skal ha fokus også ved etablering av andre tiltak.



Kjerneområde landbruk er markert med filter, utklipp fra <https://3d.kommunekart.com/>

## 4.7 Naturmangfold og økologiske funksjonar

### 4.7.1 Vegetasjon/grøntstruktur/markslagskart



Områda som grensar til planområdet består av fulldyrka jord og noko skog heilt i vest, medan planområdet består av bebygd areal (Figur 1). Det er lite grøntstruktur og vegetasjon i planområdet, som er prega av parkeringsplass og bygg, men kring nausta heilt i vest er det noko grønstruktur mellom vegen og sjøen (Figur 2).

Over: Kartutsnittet viser arealtypene i og tilgrensande planområdet. Planområdet er bebygd, medan områda som grensar til i hovudsak er fulldyrka jord (oransje) samt noko skog (grøn) (Kjelde: kilden.no).



*Til venstre: Biletet viser flyfoto over planområdet og tilgrensande område. Områda består for det meste av bebygd areal, fulldyrka jord og noko skog.*

#### 4.7.2 Biologisk mangfald og marine ressursar

Det er ikkje registrert utvalde eller viktige naturtypar, eller andre spesielle verdier i høve biologisk mangfald innanfor planområdet. I naturbase er det registrert ein førekomst av makrellterne (kritisk trua) tett på planområdet. Det er også registrert førekomstar av ærfugl (sårbar) og fiskemåse (sårbar) i nærleiken av planområdet. Det er ikkje gjennomført kartlegging av sjøfugl eller anna biologisk mangfald innanfor planområdet, men basert på desse registreringane og vurdering av området har planområdet og omkringliggjande område ein funksjonell verdi for sjøfugl. Sjøfugl er avhengige av grunne kystområde for å finne mat. Grunne område er produktive og eit viktig beiteområde for sjøfugl, då dette er produktive område med algevekst, smådyr og skjel. Grunne sjøområde er også oppvekstområde for fisk, som igjen er mat for sjøfugl.

Ålfotfjorden er registrert som gyteområde for torsk (lokalt viktig). Det er også registrert ein låssettingsplass i området som delvis vert omfatta av planområdet. Låssettingsplass er eit område der fiskarar midlertidig held fangsten i ei innhegning for å gjere den åtefri, før seinare omsetjing.


På oppdrag frå Miljødirektoratet og Fiskeridirektoratet kartla Havforskningsinstituttet i 2013-2015 ålegrasenger i Sogn og Fjordane. Det er blant anna registrert eit ålegrassamfunn ved Hjeltneset heilt ytst i Ålfoten. Det er ikkje registrert ålegras lengre inn i fjorden. Sjølv om det ikkje er registrert ålegras i området rundt planområdet kan vi ikkje utelukke dette. Vi veit ikkje om dette området vart kartlagt av havforskningsinstituttet i 2013-2015, og området er heller ikkje kartlagt i nyare tid. Ålegras krev lausmasser som sand eller mudder for å feste røtene, og finns derfor ikkje i område med hard botn (fjell/ stein). I norske fjordar veks ålegras sjeldan djupare enn 10 meter, da arten er avhengig av gode lysforhold.

Grunnforholda innanfor planområdet er ikkje kartlagt, men om ein ser på lausmassekart består områda på land ved planområdet av morenemassar. Biletet av strandsona viser også at lausmassane her består av grovare lausmassar/ stein og ikkje sand, grus eller mudder. Det er sannsynleg at dette er massane vi og vil finne innanfor planområdet i sjøen. Sjøkart med djupnedata viser at djupna i planområdet raskt fell til 20 meter. Store deler av planområdet er difor ikkje eigna for ålegras på grunn av djupne, men i dei

grunnare områda av planområdet (ned til -10 m) kan ein ikkje utelukke dette sjølv om botsubstratet tilseier at området ikkje er eigna.



Over: Biletet viser strandsona i området ved planområdet, som består av grovare lausmassar/stein. Foto: Bjarte Myklebust.



Over: Kartutsnittet av sjøkart med djupne. Skiljet mellom ljøs blå og mørkare blå farge markerer djupne på 20 m. (norgeskart).

#### 4.7.3 Vassmiljø

Planområdet ligg innanfor vassførekomsten «Ålfoten» med vassførekomstID 0282011600-C. Vassførekomsten er registrert som ein beskytta fjord påverka av ferskvatn. Økologisk tilstand er registrert som god, kjemisk tilstand er ikkje klassifisert. Det er registrert liten grad av påverking på vassførekomsten, men noko utslepp frå separate avløpsanlegg.


Rett vest for planområdet ligg Sagelva, som er del av vassførekomsten «elvar i Ålfoten» (vassførekomstID: 086-217-R). Vassførekomsten er registrert med svært god økologisk tilstand. Kjemisk tilstand er ikkje klassifisert.

## 4.8 Miljø, klima og grunntilhøve

### 4.8.1 Naturfare

#### Stabilitet i grunn

Planområdet ligg innanfor aktsemdsone for kvikkleire. Det er gjennomført faglege vurderingar ved Era Geo for å avklare tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred.



#### Rasfare

Planområdet ligg innafor analyseområdet for Skredfarekartlegging i Bremanger kommune, NVE rapport 28/2017. Arealet ligg ikkje i eller ved område med skredfareproblematikk.

*t.h: Utklipp frå [atlas.nva.no](http://atlas.nva.no) som viser det aktuell analyseområdet og registrerte faresoner.*

#### Flaumfare

Utløpet av elva vest for planområdet er markert med flaumsone. Sona ligg godt unna planlagd tiltak.

### 4.8.2 Ureining

#### Ureining i grunnen

Ingen kjende eller registrerte lokalitetar ved planoppstart.

#### Støy

Ein kjenner ikkje til problemstillingar knytt til støy slik situasjonen er i dag.

## 4.9 Teknisk infrastruktur

### 4.9.1 Trafikkforhold

Tilkomstvegen er kommunal og har eitt køyrefelt utan fortau/g-/s-veg.

Avkøyrse til butikken og parkering, og til kaiområde i nordaust skjer på brei front frå kommunevegen.

#### 4.9.2 Vatn – avløp – overvatn

Det er ingen kommunal vassforsyning, avlaupsanlegg eller overvassanlegg i området i dag.

#### 4.9.3 Renovasjon

Privathushalda og butikken har dunkar.

#### 4.9.4 Energiforsyning

Linja melder i sitt innspel datert 17.11.25 at dei har lavspent i planområdet. Vidar blir det presisert at:

*(sitat) «For forsyning av tiltaket må her etableres lavspent kabling fra eksisterende nett i området, evt. etableres ny nettstasjon inkl. høyspent kabling fra eksisterende nett i området. Løsning vil være avhengig av effektbehov for tiltaket. Ved behov for ny nettstasjon må det settes av plass til denne i planen, og vi ber om at plassering blir avklart med Linja.»*

### 4.10 Sosial infrastruktur

Næraste barne,- og ungdoms,- og vidaregåandeskule er i Svelgen, 27 km unna. Avstand til barnehagen på Sigdestad (gbnr 116/29) er om lag 1,2 km langs vegen.

Butikken i planområdet er einaste handelsstad og fungerer både som daglegvarehandel og møtestad.

Anlegga som SFE startar opp på Øksnelvane og Åskora vil medføre stor anleggsverksemd og mange arbeidsplassane som vil skape aktivitet i Ålfoten dei næraste åra. I arbeidsperioden vil det vere både fleire som er busette i bygda permanent, fleire anleggsarbeidarar i periodar og auka transport langs Ålfotevegen.



*Utklippet viser plasseringa av Ålfoten skule, som no fungerer som barnehage og grendahus. Busstopp er markert med blått symbol, planområdet med orange oval.*

#### 4.11 Barn og unge sine interesser

Ein kjenner ikkje til at nokon del av planområdet er nytta av barn og unge til leik og opphald i utstrekkt grad. Strandsona lags nausta i vest kan gje tilgang til sjø, men ber i dag ikkje preg av å vere brukt til anna enn båtopptrekk. Det er ikkje gjort registrering av barnetrakk i området.

Butikken og området omkring har verdi for barn og unge ved at det er ein møteplass og eit utgangspunkt for vidare aktivitetar. Landareala er i stor grad nytta som trafikkareal eller privat hage. Ei lita sone langs kaféen kan nyttast til opphald, sjå utklipp under. Heile området langs sjø kan vere eit vakkert utsiktspunkt.



*Kafé kaikanten, bildet er teke frå parkeringsplassen på 115/57, i retning aust. (foto: 30.09.25 SG)*

#### **4.12 Universell tilgjenge / utforming**

Det er ingen særskilde tilretteleggingar i dag, utover planert parkeringsareal og tilkomsten til butikk og kaiområdet.

## 5 Risiko og sårbarheit

Risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet er lagt ved som eige dokument, sjå vedlegg 6.

Etter ein gjennomgang av ROS-sjekklista i kapittel 4 i vedlagt analyse er følgjande moglege hendingar analysert innanfor planområdet:

- 1) Brann i fritidsbåt, tilgang til sløkkevatn
- 2) Høg vasstand, bølgepåverknad

### 5.1 Oppsummering av konkrete tiltak

Forslag til tiltak og konkret oppfølging i plandokument	
Nr. 1 Brann i fritidsbåt	
Føresegn – krav om tilstrekkeleg brannberedskap.	
Nr. 2 Høg vasstand, bølgepåverknad	
Føresegn – krav om sikker byggehøgde	Faresone i plankart

## 6 Skildring av planforslaget

Planen skal legge til rette for småbåthamn sentralt i Ålfoten. For å avklare arealbruken i området er planområdet større enn sjølve tiltaket. Dette for å sjå arealbruken i samanheng. Det gjeld kommunevegen, etablerte naust, butikk og bustad , kaiområde, tilkomst og parkering, og forankring av flytebrygger.

Planforslaget legg til rette for 26 båtplassar.

## 6.1 Planlagd arealbruk

Tabellen under viser aktuelle arealføremål og arealfordeling i m<sup>2</sup>.

Arealformål	
<b>§12-5- Nr 1 – Bygningar og anlegg</b>	<b>Areal m<sup>2</sup></b>
1110 - Bustader	304,2
1500 – Andre typar anlegg	476,8
1801 – Kombinert bustad og forretning	474,9
<b>§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	
2010 - Veg	680
Anna veggrunn	291
2041 - Kai	140,7
2080 - Parkeringsplassar	890,1
<b>§12-5. Nr. 3 - Grøntstruktur</b>	
3001 - Grøntstruktur	333
<b>§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone</b>	
6001 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	5 213,7
6230 - Småbåthamn	11 119,3
<b>SUM alle kategoriar</b>	<b>19 924,2</b>

## 6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

### 6.2.1 Bygningar og anlegg

#### Bustad frittliggande (BF)

Arealet omfattar dagens etablerte einbustad. Tomta er lita og bygninga ligg nær kommunevegen. Avstanden er ca. 3 m frå veggliiv, og carport/veranda ligg heilt inn mot vegkant. Bustaden har eit uteopphaldsareal mot sjøen med innglasa vinterhage. Tomta gir ikkje rom for påbygg/tilbygg. Ved ev. brann kan bygning reetablerast med maks fotavtrykk og mønehøgde som i dag.

Byggegrense mot kommuneveg er sett i veggliiv til dagens bygg, og skal minimum ligge 3 meter frå vegkant.

#### Forretning/bustad (B/F)

Arealet omfattar dagens butikklokale med bustad i andre etasje. Også denne tomte er lita og bygninga ligg nær kommunevegen, og har ingen rom for utviding.

Punkt for varelevering blir vidareført som i dag.

Ved ev. brann kan reetablering av bygninga ha maks fotavtrykk og mønehøgde som i dag. Byggegrense mot kommuneveg skal minimum vere 3 meter frå veggliiv til vegkant.

#### Naust (UNB)

Arealet omfattar dagens to naust. Ved ev. brann kan nausta gjenoppførast i samsvar med føresegnene for naust i gjeldande arealplan. dvs. maks storleik 50m<sup>2</sup> Mønehøg maks 5 meter. Plassering må ta omsyn til byggegrense/avstand til kommunal veg.

## 6.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

### Vegareal (o\_KV)

Dagens kommunevegen er regulert som offentlig veg slik den er etablert.

### Annan veggrunn – grøntareal

Sideareal som hører naturleg til o\_KV og kan nyttast til vegdrift. Det er understreka ved avkøyrsløpeler at det er høve til å køyre over annan veggrunn for å kome til f\_P1 og f\_P2.

### Parkering (P)

Kommuneplanens arealdel har krav om 2,5 biloppstillingplassar pr buening. For andre bygningar og anlegg skal krav avklarast med kommunen. Det er elles krav om 5 % av p-plassane for HC.

I planoppstart er det akseptert 0,2 pr båt plass (26 stk) som parkeringsdekning for småbåthamna. Dvs. 5 plassar.

Det er elles berekna 2 plasser pr 100 m<sup>2</sup> butikkareal, og 2 plassar for buening i B/F.

Parkeringsområdet, f\_P1 skal også fungere som snuplass for buss/større køyretøy, og nyttast ved varelevering til butikken.

Det er lagt til rette totalt 19 p-plassar inkludert 1 HC plass. 10 aust for butikken (f\_P2) og 9 vestanfor (f\_P1).

Illustrasjonen under viser løysing for parkeringsområdet i vest, med manøvreringsområde for buss/større varebil.



Illustrasjon frå trafikkanalysen til Nordplan AS.

### Trafikktryggleik og omsyn til mjuke trafikantar

Det bur i underkant av 200 personar i bygdelaga Førde, Sigdestad og Ålfoten. Ålfotvegen er ingen gjennomfartsveg. Det er ein smal kommunal bygdeveg som slynger seg tett på og mellom etablert busetnad. Langs store deler av vegen er det etablert terrengmurar som del av kulturlandskapet. Det er låg trafikk, ÅDT 53, og vegen har 50 sone. Etablert situasjon gjer at det er naturleg for bilistar å opptre varsamt og halde lav fart.

Låg trafikk og fart, terrengforhold og ønskje om å bevare bygnings- og kulturmiljøet er årsaka til at det ikkje er lagt opp til fortau langs Ålfotvegen.



Bilde som viser dagens situasjon, kjelde google (billedato 2019).



*Flyfoto i 3d – viser vegføring og etablert busetnad, kjelde kommunekart i 3d.*

### **Renovasjon / avfallshandtering**

Dagens løysing med dunkar blir vidareført. For småbåthamna blir det foreslått fellesløysing med butikken.

### **Kai**

Omfattar dagens etablerte kai.

### **6.2.3 Grønstruktur (G)**

Strandsona sør for naustområdet er regulert til naturområde, og er føresett inngrepsfri.

### **6.2.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag**

#### **Bruk og vern av sjøareal med tilhøyrande strandsona (BSV)**

Området skal vere ope for almen ferdsel. Forankringar av flytebryggene er tillate innanfor området.

#### **Småbåthamn (SH)**

Området kan nyttast til utlegging av flytebrygge med ev. bølgedempar. Reguleringskartet viser rettleiande plassering. Maks tal båt plassar er 26.

Forankring og plassering av flytebryggene skal ikkje vere til hinder for etablerte naust.

Lyssetting av småbåtanlegget skal tilpassast tryggleiksbehov og lyskjeldene skal ha låg høgde for å unngå lysureining.

### 6.3 Omsynssone

Faresone stormflo og havnivåstigning, H320, er vist i plankartet. Søknadspåleggte tiltak må etablerast på byggesikker høgde eller planleggast slik at dei toler overfløyning.

### 6.4 Rekkefølgjeføresegner

Det er stilt krav om oppmerking av parkeringsareala før bruksløyve til småbåthamna kan bli gitt.

---

## 7 Verknader av planforslaget

---

### 7.1 Overordna planar

Planforslaget er i tråd med overordna plan.

### 7.2 Terrengtilpassing og naboskap

Småbåthamna vil kunne etablerast med små terrenginngrep. I hovudsak landfeste og forankringspunkt i sjøbotn. Med bruk av flytebrygge vil ein unngå utfylling og området kan tilbakeførast til dagens situasjon den dagen det ev. ikkje er behov eller aktivitet i hamna.

Bustadane i området ligg med god avstand til hamna og vil i liten grad blir forstyrta m.o.t. utsikt, aktivitet og støy. Unnataket er dagens bustad over butikken og bustaden i vest som vil få hamna relativ nær.

### 7.3 Friluftsliv og rekreasjonsverdi

Småbåthamna opnar for auka friluftslivsaktivitet knytt til sjøen med utfart, fiske og vass-sport.

Det er mangel på småbåtplassar i Ålfoten og stor interesse for å få etablert ein marina/-hamn.

I kommuneplanen sin arealdel er det sett ei avgrensing på 10 båtplassar i området. Bakgrunnen for at ein ynskjer å få til fleire plassar enn dette er m.a. at det er eit kjent behov for fleire båtplassar i Ålfoten.

Kommuneplanen opnar i tillegg for å regulere og utvikle med småbåthamn også ved Sigdestadneset. Dette har det vore arbeid med i 2023/24/25. Det har vist seg at etablering av småbåthamn ved Sigdestadneset er svært utfordrande å få til utan uforholdsmessig store konsekvensar for m.a. landskap og landbruk. Etter god og langvarig dialog med grendalaget i Ålfoten og Bremanger kommune er det også ei felles oppfatning at ein vil oppnå vesentleg fleire fordelar ved å lokalisere aktivitet knytt til båtlivet meir sentralt i bygda. Denne innstillinga står også i lys av sterke offentlege føringar om å bruke effektivt dei areala som allereie er utbygde og som er tilknytt etablert infrastruktur.

## 7.4 Naturmangfold og økologiske funksjonar

### 7.4.1 Biologisk mangfold og marine ressursar


Småbåthamna skal etablerast med flytande element, utan utfylling av massar i sjøen. Med unntak av boring for forankring i strandsona (på land) vert småbåthamna sikra med anker som vert senka ned i sjøen. Det skal ikkje gjerast andre tiltak i fjorden utover dette.

Det er vurdert at varige verknader av tiltaket er små for det biologiske mangfoldet i området. Tiltaket medfører ikkje permanente arealbeslag som utfylling eller andre varige endringar av området. Småbåthamna vil derimot beslaglegge sjøareal, og skape skuggeeffekt i botnområdet der ho ligg. Dette kan forringe habitatet for plantar og algar som er avhengige av gode lysforhold for å drive fotosyntese, som til dømes ålegras. Det er likevel snakk om mindre flater, og skuggeeffekten er vurdert til å verte minimal. Sjølve flytebrygga vil bli etablert på djupare område innanfor planområdet, og vil i stor grad ligge utanfor potensielt habitat for ålegras (djupare enn 10 m). På bakgrunn av botnsubstratet er det uansett vurdert at området er lite eigna som habitat for ålegras, men det er ikkje gjort kartleggingar i området som har utelukka dette. Det vert etablert forankringslinjer som vil gå frå flytebrygga og ned til sjøbotnen. Det er vurdert at desse linjene ikkje vil påverke dyrelivet i området i særleg grad. Etablering av småbåthamna kan derimot medføre noko auka aktivitet i området, som kan ha påverknad på dyrelivet i området.

Sjøfugl er sårbar for forstyrningar, og spesielt i hekkeperioden frå 15. april til 15. juli. Egg og ungar kan bli forlatne på grunn av stress, og er generelt meir utsett for predatorar ved at fuglane blir skremde og forlet reiret oftare. Området er også viktig som gyteområde for torsk, og i gyteperioden (1. januar til 30. april) er dei ekstra utsett for ytre påverknad som støy og små partiklar. Dette gjeld og i mai og juni, då det vil vere egg, larvar og yngel i vassmassane og i dei grunne områda nær gytefeltet.

Det er vurdert at etablering av småbåthamna ikkje vil medføre noko betydeleg auke i aktivitet i området, og slik ikkje medføre varige verknader for dyrelivet i området. Ved etablering av tiltaket vil det derimot verte aktivitet i området som kan vere negativt for både sjøfugl og fisk (inkludert gyteområdet for torsk). Som eit avbøtande tiltak er det fastsett i føresegnene til planen §2.3.1 at: *Fysisk etablering av tiltak i sjø slik som forankringar, skal skje utanom perioden mars til august, av omsyn til gyteområde for torsk og hekketid for sjøfugl.*

Småbåthamna vert etablert som flytebrygge med forankringslinjer som går ned til sjøbotnen (Figur 4). Desse installasjonane kan potensielt kome i konflikt med aktiviteten innan fiskeri i området. Aktuelle interessentar innanfor er varsla, både ved oppstart av detaljreguleringa og seinare i eige skriv. Vi har fått tilbakemelding om at planen ikkje vert til hinder for aktiviteten deira. Området har ikkje vore nytta dei siste åra korkje låssetting eller fiske.



Illustrasjonen viser etablering av småbåthamna med forankring innanfor planområdet. To forankringspunkt vert etablert utanfor planområdet (grøne strekar). Der dei grønne strekane kryssar plangrensa (svart tjukk strek) er djupna meir enn 25m.

#### 7.4.2 Vassmiljø

Det vert ikkje lagt opp til tiltak som medfører betydelege utslepp, fysiske inngrep av betydning eller påverknad av habitat i særleg grad innanfor vassførekomsten «Ålfoten». Det er derfor vurdert at planen ikkje vil medføre risiko for forringelse av økologisk eller kjemisk tilstand i vassførekomsten. Planen vil slik heller ikkje påverke at vedtatt miljømål for vassførekomsten blir nådd.

#### 7.4.3 Naturmangfaldlova (nml)

I tråd med føremålet til naturmangfaldlova søker ein i planforslaget å legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen.

Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til vere tilstrekkeleg, i samsvar med naturmangfaldlova §8.

Det er lite truleg at planforslaget vil gjere irreversibel skade på naturmangfaldet, jamfør nml §9. Omfanget av utbygginga er lite og utgjer ikkje ei stor belastning, jamfør § 10 i nml. I tråd med § 12 i nml er det lagt til grunn føreseigner som sikrar ei utbygging med miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Det er ikkje større sannsynleg gevinst for naturmangfaldet ved å lokalisere dei planlagde tiltaka andre stader i området. Området er ut frå ei totalvurdering ei god lokalisering m.o.t. m.a. behov for nye infrastrukturtiltak som vegar, skule, barnehage, omsynet til kulturminne og landskap. § 11 om at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet vert rekna som lite relevant for dette planvedtaket.

## 7.5 Støy

### Støy tilknytt småbåthamna

Vurderinga i dette avsnittet (Kapittel 7.5) er i si heilheit utforma av Norconsult, ref. fagnotat som vert ettersendt i saka, (sitat i kursiv).

### Anleggstida

#### Støy i lufta

*Med føresetnader som opplyste i dette oppdraget vert det ikkje venta overskridingar av formelle støygrenser for byggje- og anleggsstøy når småbåthamna vert bygt. Støy frå somme arbeidsoperasjonar kan verka sjenerande.*

### Undervasstøy

*Kartfesta gytefelt for kysttorsk dekkjer heile Ålfoten. Det kan ikkje bergsprengast i eller nær sjøen i sårbar periode for kysttorsk, som er januar og ut mai måned. Ein bør òg unngå bergboring i sjø (t.d. for å forankra småbåthamna) i den tida på året. Andre artar og populasjonar av marin fauna enn kysttorsk er mindre sårbare, og det trengst ikkje aktivitetsavgrensingar for deira del.*

### Driftsfasen

#### Støy i lufta

*Det er bustadar langs sjøen (Ålfotevegen) og litt lengre opp i lia (Øyrevegen og Øvre Myklebust). Småbåthamner kan gje støy til omgjevnadane frå for eksempel buksering av bil med båthengar, bruk av støyande verkøy, høgtrykkspyling og motordur. I denne saka er det opplyst at båtane er hobbyfiskebåtar, med små/moderate motorar. Vidare er det opplyst at det ikkje skal vera båtøpptrekk og tilhøyrande vedlikehald, høgtrykksspyling eller båtputss.*

*Støy frå småbåtar er ikkje direkte regulert her i landet, og ein må ofte tolka ulike lover, forskrifter og offentleg rettleiingsmateriell for å kunne vurdere slik støy innanfor eit rammeverk.*

*Med føresetnader som i dette oppdraget er det ikkje venta formelle støykonfliktar i driftsfasen for småbåthamna. Høgt motorpådrag frå eventuelle større fritidsbåtar som brukar området kan gje ganske høg lydeffekt, med potensiale for kortvarig støyplage. Mindre fritidsbåtar støyar monaleg mindre. Ved eventuelle støyplager kan ein vurdere å påleggja minska fart – det vil vera det viktigaste tiltaket. Det må likevel reknast med høyrbar motordur for dei næraste bustadane. Støyen vil vera kortvarig og sporadisk og sjansen for støyplager er liten. Støy frå småbåthamna er difor ikkje talfesta eller problematisert nærare her.*

### Undervasstøy

*I driftsfasen er det ikkje venta problematisk undervasstøy frå småbåthamna. Om det vert brukt kjettingar for å fortøya småbåthamna vil det i den fyrste tida koma noko undervasstøy frå rørsler i kjettingane. Med tida vil groing på kjettingar i sjø utgjera viskøs demping slik at undervasstøyen vert svært låg. I driftstida vil det òg vera svak undervasstøy frå skvalping, osv. av einskildelar av småbåthamner, men denne støyen vil ikkje utgjera noko problem for den marine faunaen.*

*Merknad: Den dominerande undervasstøyen frå området etter bygging av småbåthamna vil sjølvsagt vera undervasstøy frå båtane tilknytt hamna. Denne støytypen inngår ikkje i vurderingane i rapporten, og med opplyste båttypar og -bruk er det heller ikkje venta at undervasstøy frå båtar vil utgjera noko problem for den marine faunaen.*

Det er dermed ikkje gjort grep i plandokumenta for å sikre støyreducerande tiltak.

## 7.6 Teknisk infrastruktur

### Tilkomst og parkering

Tilkomst skjer via kommunal veg.

Parkeringsareal er felles for butikk, kafé og småbåtanlegget.

#### 7.6.1 Vatn, avløp og overvatn

Det er ikkje lagt opp til etablering av vassforsyning til småbåthamna. Tiltaket er vurdert å ikkje utløyse behov for dette, då det ikkje er planlagt installasjonar som krev vassforsyning. VAO-planen viser trase for mogleg tilkopling ved Ålfotvegen 48 om det skal bli aktuelt med slik tilkopling.

Gjester ved småbåthamna kan nytte toalett i sambruk med kafé og butikk. Overvatn i planområdet vert handtert lokalt gjennom infiltrasjon, overflateavrenning og naturleg transport til sjø. Tiltaket medfører berre ei avgrensa auke i avrenning, hovud-sakleg som følgje av klimafaktor.

Det er ikkje behov for etablering av eige overvass-system, og eksisterande flaumvegar vert vidareført utan endringar.

#### 7.6.2 Renovasjon

Det er føresett at butikken og småbåthamna kan ha felles renovasjonsløyving, då hamna ikkje skal vere gjestehamn.

#### 7.6.3 Energiforsyning

På austsida av butikkbygget, gnr/bnr 115/40 og 115/72, står eit straumskap. I fylgje Hilde Ørjansen i Linja, (muntleg, via grendalaget) er det nok kapasitet på det skapet til at ein kan kople seg på straum der.

## 7.7 Verknader i anleggsfasen

I ei kort periode ved etablering av straum til småbåtanlegget, og utlegging av flyte-bryggene vil deler av parkeringsområdet kunne bli beslaglagt som anleggsområde.

---

## 8 Referansar

---

[1] Direktoratet for byggkvalitet, «Byggteknisk forskrift (TEK17) med veiledning,» 2017.

[2] Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), «NVE Kart,» [Internett]. Available: <https://www.nve.no/kart/>. [Henta 26 06 2024].

**Vedlegg ved oversending for handsaming**

1. Planinitiativ, NP250177\_plan\_planin. Småbåthamn Ålfoten\_rev1\_KS\_IO 10.11.25
2. Varslingsbrev, NP250177\_plan\_oppstratsv.småbåth.Ålfoten\_KS\_IO, 10.11.25
3. Annonse, 10.11.25
4. Planid. 202503 referat frå planoppstartsmøte, 20.10.25
5. Innspelskjema, 05.05.26
6. Ros-analyse, datert 05.05.26
7. VAO
  - a. VAO-rammeplan Småbåthavn Ålfoten 28.04.26, Nordplan Stord AS, datert 30.04.26.
  - b. Vedlegg 1 – GH001 VA- Plan, datert 30.04.26
8. Trafikkvurdering, Nordplan, datert 28.04.26.
9. Støynotat, Norconsult, vert ettersendt fortløpande
10. GEO
  - a. 26013-RIG01 Geofaglig datarapport, med vedlegg, Era Geo, 27.02.26
  - b. 26013-RIG02 Geofaglig vurderingsrapport med vedlegg, Era Geo, 27.02.26
11. SOSI fil: NP\_250177\_plankart.sos, datert 06.05.26
12. Plankart, NP\_plankart-A2-L, datert 06.05.26
13. Føresegner, NP250177\_Ålfoten\_Føresegner, datert 06.05.26